



Set ein bamse i ein vindauga og gå på bamsejakt i påsken.

I disse koronatider dukkar det opp mange positive og kreative tiltak. Nokre stader i landet set dei ut ein eller fleire bamsar i eit/ fleire vindauga i kveld. Så skal foreldra med born gå på bamsejakt og telja kor mange bamsar dei ser rundt omkring i Uskedalen. Ideen kjem frå Mosjøen og tiltaket vert iverksett frå i kveld, onsdag før Skjærtorsdag.

Bamsejakta pågår i heile påsken. Det er ei kjekk oppgåve og fungerer best når mange er med og set ut bamsar. Det kan vera alle typar bamsar i ulike format og storleikar, bamsefisk, bamsegris og meir tradisjonelle bamsar.

Isabell Stensletten har ideen med frå Mosjøen der ho saman med familien budde før dei flytta til Uskedalen for nokre år sidan.

Uskealen.no føl opp denne ideen og bed fleire senda oss gode bilete. Helst liggjande format. Send til e-posten: uskedalen.no@gmail.com

Så er det viktig at alle skriv på Facebook og deler det glade budskap.

Dersom det er andre gode familiære og sosiale tiltak i påsken, la oss få vita om det og del tankane med andre. Rykte vil ha det til at det truleg vert italiensk konsert og klapping frå altane i eit av byggefelta/bufellesskapa i Uskedalen.

Dette vert spanande. Følg med i neste bolk !

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Isabell Stensletten